



Arne Terje ved ein av dei beste fiskeplassane – ved Gravehølen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fiskesesongen i Uskedalselva har no vara i ein knapp månad. På grunn av lita vassføring har det ikkje vore nokon stor sesongstart, men så vidt storfiskar og oppsynsmann Arne Terje Haugland kjenner til, er årsrekorden så langt ein laks på fire kilo. Han har sjølv sett velvaksen laks nede ved brua og aure på opptil to kilo oppe i elva.



Laksen vart teke i Djupehølen ved Feet. Dei siste dagane har det regna noko og oppgangen av fisk er så smått i gang for alvor. Arne Terje kjenner til fangstar av omkring 15 fiskar etter at nedbøren kom. Både bygdefolk og tilreisande har fiska i ei elv som stadig fleire har hørt om og søker til.



- Men diverre er det mykje lakselus på auren også her. No er det lus på fisken i alle vassdrag eg har høyrte om dette året, fortel Arne Terje, som for sin del starta sesongen tirsdag .

Då fekk han ein kilosaur full av lus ved Vetlefossen, fem kilometer oppe i elva.

Arne Terje er forundra over at fisken ikkje var kvitt lusa, for den lever berre nokre få dagar i ferskvatn. Forklaringa må vera at fisken har hatt ein rask oppgang.

- Kor vart det av fisken? Arne Terje plar ikkje mista fiskar når dei først har kome på land, men i dette tilfellet gjorde han det. Han fann han til slutt! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også onsdag fekk Arne Terje ein aure, men den var det svært få lus på då den sprella på land under Gravehølen. Veteranfiskaren finn det også nødvendig å presisera at det slett ikkje på nokon måte er farleg å eta fisken sjølv om det har vore lus på han. Når det ikkje er meir lus enn det som er registrert på fisken i elva til no, er det i hvert fall ikke noko å vera redd for.



Tvert i mot tok dei gamle fiskarane lusa som eit godt teikn, fordi fisken då var nygått. Dessutan har det vore lus på fisken i alle år, i større eller mindre grad. Når det no er meir lus enn før meiner Arne Terje at det kan ha litt med oppdrettslaksen å gjera.

Men han ser heller ikkje bort i frå at temperaturauken kan vera ei forklaring.

Det viktigaste rådet storfiskar Arne Terje Haugland kan gje ein annan fiskar er å ha tålmod. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Entusiasten Arne Terje, som snart har teke 3.000 fiskar i elva, har hatt telefonar frå fiskarar heilt frå starten den 15. juni. Dei som har ringt har bedt om opplysningar fordi dei gjerne vil koma hit og freista om Uskedalselva svarar til det gode ryktet sitt. Men fiskarane ventar på meir regn!

Av Ola Matti Mathisen



Lakselus på Uskedalsaure, men det var ikkje mange på denne fisken. (Foto: Ola Matti Mathisen)